



MØTEPROTOKOLL

Utval: Levekårsutvalet
Møtestad: *Kommunestyresalen Hareid rådhus*
Dato: *03.06.2014*
Møtet tok til *14:00*
Møtet slutta *15:45*

Levekårsutvalet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå og med 28.05.2014.

FASTE MEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Ottar Røyset	Leiar	H
Øyvind Grimstad	Medlem	FRP
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF
Ingunn Petrin Pettersen	Nestleiar	FL
Bjørn Overå	Medlem	FL
Ann Helen Grimstad	Medlem	V
Worren		

FASTE MEDLEMAR SOM IKKJE MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Alice Strømmegjerde	MEDL	H

VARAMEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Møtte for	Representerar
Turid Lise Ambjørnsen	Alice Strømmegjerde	H
Ranja Dimmen Alme	Ingunn Pettersen	FL
Møtte i PS 37/14	Ugild i PS 37/14	
Laksan Vijayratnam	Ann Helen Grimstad	V
Møtte i PS 37/14	Worren	
	Ugild i PS 37/14	

FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:

Namn	Stilling
Victoria Ernsten	Utvalssekretær
Helga Bøe-Grimstad	Leiar servicetorg og politisk sekretariat
Oddbjørn Grimstad	Kommunalsjef

Ottar Røyset leia møte

7 voterande

Rekkefølga sakene blei handsama:

Levekårsutvalet handsama PS 32/14
 Levekårsutvalet handsama PS 33/14
 Levekårsutvalet handsama PS 34/14
 Levekårsutvalet handsama RS 33/14
 Levekårsutvalet handsama RS 34/14
 Levekårsutvalet handsama RS 35/14
 Levekårsutvalet handsama RS 36/14
 Levekårsutvalet handsama RS 37/14
 Levekårsutvalet handsama RS 38/14
 Levekårsutvalet handsama RS 39/14
 Levekårsutvalet handsama RS 40/14
 Levekårsutvalet handsama RS 41/14
 Levekårsutvalet handsama PS 35/14
 Levekårsutvalet handsama PS 37/14 Vart handsama før PS 36/14
 Levekårsutvalet handsama PS 36/14
 Levekårsutvalet handsama PS 38/14
Lukka møte:
 Levekårsutvalet handsama RS 42/14

Manifest mot mobbing lagt på bordet. Saka vert å ta opp i neste LKU møte.

LKU ynskjer å invitere Helsestasjonen til å informere om det førebyggjande arbeidet til barn og unge, med spesiell tanke på «tidleg inn» i neste LKU møte.

OFFENTLEG SAKSLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivkode
	Politiske saker	
PS 32/14	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 33/14	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 34/14	Delegerte saker	
	Referatsaker	
RS 33/14	Inneklimatemålingar Bigset barnehage	2012/1223
RS 34/14	Gjennomført tilsyn ved Bigset barnehage	2014/43
RS 35/14	Informasjon over hovudopptak barnehage 2014	2013/1581
RS 36/14	Alkoholsal til mindreårige	2014/7
RS 37/14	Skjenkekontrollrapport med tilleggsrapport 15.2.2014	2014/657
RS 38/14	Serveringsløyve - delegert vedtak - Hareid Pizza og Pub AS	2014/400
RS 39/14	Søknad om økonomisk stønad - NAAF Møre og Romsdal Storlag	2014/100
RS 40/14	Søknad om økonomisk stønad - Kirkens SOS i Møre og Romsdal	2014/100
RS 41/14	Søknad om økonomisk stønad - Amatheia Møre	2014/100

	og Romsdal	
	Politiske saker	
PS 35/14	Årsmelding 2013 for Hareid kommune	2014/606
PS 36/14	Møteplan hausten 2014 for kommunestyret, formannskapet og faste utval	2014/558
PS 37/14	Kulturmidlar 2014	2014/52
PS 38/14	Søknad om skjenkeløyve - Hareid Pizza og Pub AS	2014/400
	Referatsaker	
	Lukka møte:	
	<i>Off.lova § 13 jf. forv.lova § 13 – Lovbestemt teieplikt</i>	
RS 42/14	Søknad om startlån - ***** - delegert vedtak	2014/308

Hareid, 28.05.2014

Ottar Røyset
utvalsleiar

Victoria Ernstsen
utvalssekretær

POLITISKE SAKER

PS 32/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Levekårsutvalet si handsaming:

Vedlegg til sak PS 36/14 blei lagt på bordet. Sak PS 37/14 vart handsama før PS 36/14.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent med merknad.

PS 33/14 Godkjenning av protokoll førre møte

Levekårsutvalet si handsaming:

Det var ingen merknad til protokoll frå møte 06.05.2014.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Protokoll frå møte 06.05.2014 godkjent utan merknad.

Val av to medlemmar til å skrive under protokollen:

Ingunn Pettersen og Ann Helen Grimstad Worren.

PS 34/14 Delegerte saker

Levekårsutvalet si handsaming:

Røysting:

Tilråding/innstilling/vedtak:

REFERATSAKER

RS 33/14 Inneklimatemålingar Bigset barnehage

Referatsak samrøystes, teke til vitande

RS 34/14 Gjennomført tilsyn ved Bigset barnehage

Referatsak samrøystes, teke til vitande

RS 35/14 Informasjon over hovudopptak barnehage 2014

Referatsak samrøystes, teke til vitande

RS 36/14 Alkoholsal til mindreårige

Referatsak samrøystes, teke til vitande

RS 37/14 Sjenkekontrollrapport med tilleggsrapport 15.2.2014

Referatsak samrøystes, teke til vitande

RS 38/14 Serveringsløyve - delegert vedtak - Hareid Pizza og Pub AS

Referatsak samrøystes, teke til vitande

RS 39/14 Søknad om økonomisk stønad - NAAF Møre og Romsdal Storlag

Referatsak samrøystes, teke til vitande

RS 40/14 Søknad om økonomisk stønad - Kirkens SOS i Møre og Romsdal

Referatsak samrøystes, teke til vitande

RS 41/14 Søknad om økonomisk stønad - Amatheia Møre og Romsdal

Referatsak samrøystes, teke til vitande

POLITISKE SAKER

PS 35/14 Årsmelding 2013 for Hareid kommune

Levekårsutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

LKU si tilråding frå møte 03.06.2014:

Kommunestyret tek årsmeldinga for 2013 for Hareid kommune til vitande.

PS 36/14 Møteplan hausten 2014 for kommunestyret, formannskapet og faste utval

Levekårsutvalet si handsaming:

Ann Helen Grimstad Worren og Ingunn Pettersen kjem tilbake i møte etter å ha vært ugilde i sak PS 37/14 som vart handsama før PS 36/14. Ranja Dimmen Alme og Laksan Vijayratnam gjekk frå møte.

Øyvind Grimstad, FRP, fremja følgjande tilleggsforslag:

Flytte FSK (arbeidsmøte) frå 17. november til 10. november.

Røysting:

Tilråding frå rådmann og forslag frå Øyvind Grimstad røysta opp mot kvarandre. Forslag frå Øyvind Grimstad samrøystes.

LKU si tilråding frå møte 03.06.2014:

**Kommunestyret godkjenner møteplan for kommunestyre, formannskap, levekårsutval og næring- og miljøutval for hausten 2014 slik den går fram av vedlegg 1 med fylgjande endring:
FSK arbeidsmøte blir flytta frå 17. november til 10. november.**

PS 37/14 Kulturmidlar 2014

Levekårsutvalet si handsaming:

PS 37/14 vert handsama før PS 36/14.

Øyvind Grimstad, FRP, fremja forslag frå førre møte:

Sunnmøre Golfklubb får ikkje tildelt tilskot. Dei gjenståande 10 000kr skal gå til Bigset kulturoase, dei får tildelt kr 20 000.

Marit Øien Sæverud, KRF, fremja forslag frå førre møte:

Sunnmøre Golfklubb får ikkje tildelt tilskot. Dei gjenståande 10 000kr skal fordelast til dei tre skulekorpsa.

Røysting:

Ann Helen Grimstad Worren stiller spørsmål om ho er ugild i saka og trer frå møte.

6 voterande

Ho blir samrøystes inhabil, jf. forv.lov § 6 e 1.

Laksan Vijayratnam kjem inn som vararepresentant for Ann Helen.

7 voterande

Ingunn Pettersen stiller spørsmål om ho er ugild i saka og trer frå møte.

6 voterande

Ho blir samrøystes inhabil, jf. forv.lov § 6 e 1.

Ranja Dimmen Alme kjem inn som vararepresentant for Ingunn.

7 voterande

Det blei røysta over tilrådinga frå rådmannen. Tiltråding frå rådmannen vart vedteke med 4 røyser for - 3 røyster imot. Forslaga til Øyvind Grimstad og Marit Øien Sæverud fall dermed vekk.

Vedtak:

Levekårsutvalet vedtek å gje tilskot til fylgjande lag/organisasjonar i Hareid med fylgjande fordeling:

Sunnmøre Golfklubb	kr 10.000
Bigset kulturoase	kr 10.000
Hareid Ride- og Køyreklubb	kr 10.000
The Five Beats	kr 10.000
Hareid kunstlag	kr 10.000
Snipsøyrdaalen Grendalag	kr 10.000
Hareid Idrettslag	kr 5.000
Hareid Sanitetslag	kr 10.000

PS 38/14 Søknad om skjenkeløyve - Hareid Pizza og Pub AS

Levekårsutvalet si handsaming:

Røysting:

5 røyster for - 2 røyster imot

LKU si tilråding frå møte 03.06.2014 :

Hareid kommunestyre har vurdert søknaden frå Hareid Pizza og Pub AS (org.nr. 999148093), dagsett 25.03.14, og fråsegnene som er mottekne i saka.

Kommunestyret gjev alminneleg skjenkeløyve for alkohol inntil 60 vol. % for skjenkestaden i Strandgata 117, som vist på planskisse 7.7.00.

Skjenketida for alkohol

- **Varegruppe 1 (frå 2,5 til 4,7 %) vert avgrensa til mellom kl. 11.00 – 01.00 søndag – torsdag og mellom kl. 11.00 – 02.00 fredag og laurdag**
- **Varegruppe 2 (over 4,7 inntil 22 %) vert avgrensa til mellom kl. 11.00 – 01.00 søndag – torsdag og mellom kl. 11.00 – 02.00 fredag og laurdag**
- **Varegruppe 3 (frå 22 til 60 %) vert avgrensa til mellom kl. 13.00 – 24.00 alle dagar**
- **På uteareal er avgrensa til kl. 24 alle dagar og kun alkohol inntil 22%**

Konsum av alkohol på skjenkestaden skal vere slutt seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute.

**Jeyabalasingam Yogalingam vert godkjent styrar for skjenkeløyvet.
Balasingam Mylvakanam vert godkjent som vara for skjenkestyrar.**

Det vert føresett at opplæring av alle tilsette om reglane i alkohollova vert dokumentert i verksemda sitt internkontrollsystem. Alle løyvehavarar pliktar å ha slik internkontroll jf. alkoholforskrifta § 8-2.

Det vert stilt krav om at verksemda tek i del i kurs «ansvarleg vertskap» dersom kommunen tilbyr dette.

Frå den dato vilkåra er oppfylt vil løyve gjelde til 30. juni 2016.

Grunngjeving:

Vedtaket for løyve til skjenking er gjort med heimel i alkohollova §§ 1-6, 1-7 – 1-7c, 2-1, 3-1 og 4-1 – 4-4, alkoholforskrifta § 8-2 og rusmiddelpolitisk plan for Hareid kommune.

REFERATSAKER

RS 42/14 Søknad om startlån - *** ***** ***** ***** ***** - delegert vedtak**

Referatsak samrøystes, teke til vitande

.....
Ottar Røyset
Utvalseiar

.....
Victoria Ernsten
Utvalsekretær

.....

.....